
OFFENTLEG HØYRING OG ETTERSYN - PLANPROGRAM

Kommunedelplan for oppvekst og kultur 2024-2027 Gulen kommune

OBJ



Innhald

Bakgrunn og føremål.....	2
Føringar	2
Nasjonale	2
Regionale	3
Kommunale	3
Innbyggjarar	4
Visjon og mål	5
Planprosess	7
Organisering	7
Medverknad	8
Framdriftsplan	9
Forslag til disposisjon for kommunedelplanen	10

Bakgrunn og føremål

Planprogrammet skal sette ramma for revisjonsarbeidet med kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Den skal tydeleggjere oppstart av planarbeidet og sikre at partar som vil verte påverka av planen er informert om prosjektgruppa, framdriftsplan og korleis ein skal sikre medverking i planarbeidet. Utarbeiding av eit planprogram er heimla i plan- og bygningslova § 4-1.

Eksisterande kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv var gjeldande frå 2019-22, men har ved rullering av planens handlingsprogram blitt forlenga to gonger, sist i K-sak 23/3350-2. Planperioden vart forlenga med eit år i påvente av oppstart av planarbeidet. Endeleg plan skal vere eit strategisk styringsdokument for Gulen kommune sin politikk på idretts- og friluftslivsfeltet i ein fireårsperiode.

Føringar

Nasjonale

Plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv tek mellom anna utgangspunkt i Kulturlova (2007) som omtalar det offentlege sitt ansvar for utviklinga av kulturverksemder i landet.

Kulturlova § 1 og § 4 seier:

§ 1. Føremål

Lova har til føremål å fastleggja offentlege styresmaktens ansvar for å fremja og leggja til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd, slik at alle kan få høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleve eit mangfald av kulturuttrykk.

§ 4. Fylkeskommunens og kommunens oppgåver

Fylkeskommunen og kommunen skal syta for økonomiske, organisatoriske, informerande og andre relevante verkemiddel og tiltak som fremjar og legg til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd regionalt og lokalt.

I tillegg til Kulturlova, gjev fylgjande føringar for planarbeidet:

- Plan- og bygningslova
- Ulike stortingsmeldingar

- Rettleiar – Kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet (V-0798)

Regionale

I mars 2023 vart ny regional plan for kultur vedtatt for Vestland fylke, eit omfattande arbeid for å dekke det nye fylket og migrere Hordaland og Sogn og Fjordane sine tidlegare planar. Visjonen er sterk, og seier «Kultur bygger samfunn»:

[Kultur bygger samfunn. Regional plan for kultur 2023-2035.](#)

[Kultur bygger samfunn. Handlingsprogram 2023-2026.](#)

FNs berekraftsmål er overordna for alle mål i planen; den viktigaste er nr. 17 «Samarbeid for å nå måla». Planen nyttar eit utvida kulturomgrep, som blant anna inkluderer idrett, fysisk aktivitet, friluftsliv og e-sport, og har berekraft som grunnleggande perspektiv. E-sport er eit veksande miljø i Vestland og, som det fyrste fylket i landet, vedtok fylkestinget ein strategi for e-sport og gaming i september 2021. Hovudprinsippet i planen er at ingen skal utelatast, som også er eit hovudprinsipp i FNs berekraftsmål, alle skal med og alle skal få delta, oppleve og skape. Dette set ei tydeleg føring for Gulen sitt arbeid innanfor same sektor. E-sport er ikkje nemnd i førre plan og skal innlemmast. Kulturbygg har eit eige kapittel i planen der omtale av regelverk og tilskotsordningar knytt til kulturbygg vert omtala.

Kommunen skal arbeide med eit prosjekt kalla Friluftslivets ferdselsårer. Dette vert lagt til som eit kapittel i plandokumentet i staden for eigen plan. Kapittelet skal innehalde ei oversikt over korleis ein organiserer tilsyn og vedlikehald i turløypenettet vårt, stiane som vert prioritert vert lagt inn i turrute datanett (kartverket.no)

Kommunale

Sektorplanlegging er forankra i Samfunnsplanen for Gulen kommune 2023-2034 . Kultur, idrett og frivillig arbeid er eit av satsingsområda. Tiltak og prioriteringar i planen utarbeidast på bakgrunn av strategiar og hovudmål som er sett i samfunnsplanen. Hovudmåla til kommunen er forankra i FNs berekraftsmål. Visjonen til kommunen er «Historisk og framtidsretta» og den arbeider etter «samarbeid for utvikling». Gulen kommune skal legge

til rette for nærmiljø som bidrar til aktivitetar som fremjar god livskvalitet, gje alle moglegheit til opplevingar med friluftsliv og skape levande lokalsamfunn der folk ynskjer å busette seg og leve.

Planstrategien 2020-2023 vart vedteken i kommunestyret 15.10.2020 i K-sak 81/20. Revisjon av kommunedelplanen låg til 2022. Handlingsprogrammet skal rullerast årleg. Det er mogleg i ein kommunedelplan, at nokre delkapittel oppdaterast mellom kvar hovudrevisjon. Planen må vere oppdatert for at lokale lag og organisasjonar skal kunne søkje om tilskot frå spelemiddelordninga.

Kommunen gjekk gjennom ei omorganisering 1.1.2023 og kultursektoren vart lagt inn under same kommunalsjef som oppvekst. I framtidig planarbeid i kommunen kan kultur og fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv innlemmast i same plan, då målgruppa og rammefaktorane er like. Regionalt er omgrepet kultur brukt om alle desse.

Revisjon av plandokumentet medfører at planen no innlemmast i Kommunedelplan for Oppvekst og kultur 2024 -2027. Planperioden vert då endra frå 2023-2026 til 2024-2027. Kommunedelplan for Oppvekst og kultur vart vedteken i oktober 2023, og ein fekk difor ikkje brukt mykje av 2023 til å følge opp handlingsdelen til planen. Ein vil sikre rom for å gjere dette ved å forlenge planperioden eit år.

Det som tidlegare har vore trekt ut i eigen plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv vert skrive i eit kapittel i Kommunedelplan for oppvekst og kultur, samt supplert i eksisterande kapittel.

Innbyggjarar

Samfunnsplanen trekker fram betydninga av lag, organisasjonar og frivilligheit for å ha eit levande lokalsamfunn, kor det er godt å bu og vekse opp. Utviklinga av anlegg og nærmiljø i Gulen har i stor grad vore styrt av engasjement og drivkraft frå innbyggjarane. Deira ynskjer, tiltak og behov set føringar for kva anlegg som blir meldt inn i planen for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Deretter vil dei overordna måla til kommunen saman med nasjonale og regionale føringar bestemme korleis anlegga skal prioriterast.

Visjon og mål

Figur 1 Dei av FNs berekraftsmål som hovudmåla i planen er tufta på.



Kapittelet Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv hentar mål og strategiar frå kommunen sin samfunnsplan. Grunnleggande for alle måla er FNs berekraftsmål. Dei fire berekraftsmåla som hovudmåla i plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er bygd på er vist i Figur 1.

I samband med utarbeiding av ny samfunnsplan, vart det sendt ut ei spørjeundersøking til innbyggjarar frå 18-29 år og 30-64 år.

Resultatet av undersøkinga syner at innbyggjarane syns det er for lite fritidstilbod i kommunen.

Spørjeundersøkinga for dei mellom 30 og 64 år syner etterspørsel etter fleire møteplassar for både born, unge og vaksne.

Å kartlegge eksisterande møteplassar, bruken av desse og få fram behovet for nye møteplassar innanfor sektoren idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv er eit ynskje i arbeidet med planen. Det vil gje ei god retning for vidareutvikling og prioritering av anlegg i kommunen. Visjonane frå regional plan om at alle skal med og at ein skal kunne delta, skape og bety noko vil saman med fyljande hovudmål sette retninga i handlingsprogrammet i sektoren for dei neste fire åra:

Gulen kommune skal ha attraktive bygdesenter med moglegheit for fysisk og sosial aktivitet i alle aldersgrupper.

Gulen kommune skal ha aktive innbyggjarar som engasjerer seg i utviklinga av eit inkluderande og levande lokalsamfunn

Som innbyggjar i Gulen skal du oppleve meistring og god folkehelse.

Gulen kommune skal legge til rette for nærmiljø som kan bidra til aktivitetar som fremjer god livskvalitet.


Innbyggjarane i Gulen kommune skal oppleve god livskvalitet.

Gulen kommune skal fremje frivilligheita sin verdi som samfunnsbyggjar.

Born og unge er ei prioritert gruppe for kommunen. Som i tidlegare planperiodar er det viktig å tenkje på førebyggjande strategiar, tidleg innsats, lågterskeltilbod, og utjamning av sosiale forskjellar. Gulen kommune skal legge til rette for at alle skal kunne ha ein aktiv kvardag. Dette gjev god helsegevinst, både fysisk og mentalt. Fleire møteplassar, tilrettelegging for eit større ungdomsmiljø, friluftstiltak og ei styrking av frivilligsektoren, inkludert betydninga av frivillig arbeid som samfunnsbyggjar og for å skapa tilhøyrse, vil vere viktige element for å oppfylle hovudmåla.

Planprosess

Organisering



Medverknad

Innspel kan ein kome med på følgjande måte:

- Frammøte: Skriftelege innspel leverast i ekspedisjonen på kommunehuset
- Pr. post: Gulen kommune, Eivindvikvegen 1119, 5966 Eivindvik
- Pr. e-post: post@gulen.kommune.no

Innspel merkast med «Kommunedelplan for oppvekst og kultur 2024 – 2027»

Kommunen ynskjer medverknad frå ulike grupper som har interesse av planarbeidet. Vi oppmodar lag, organisasjonar, friluftsgeselskap og andre til å kome med innspel. Kommunen si informasjonsavis, heimeside og facebookside vert nytta for å informere om arbeidet. Leiarforum kan nyttast for å legge til rette for medverknad frå andre tenestemråde.

Det vert lagt opp til at lag og organisasjonar vert involvert i arbeidet med planen ved at dei inviterast til folkemøte og får tilsendt høyringsutkast. Planen vil leggjast fram for ungdomsrådet og ein representant frå rådet vil vere med i prosjektgruppa. Slik sikrar vi medverknad frå born og unge.

Tabell 1 Oversikt over arenaer for medverking og kommunikasjon med innbyggjarane.

Arena	Tidspunkt	Tema
Idemyldring for born og unge på skulane	Før sommarferien 2024	Møteplassar
Barnetråkk	Vår 2024	Kor er du aktiv? Born og unge. Samarbeid med skulane
Folkemøte	Juni – oktober 2024	Levande lokalsamfunn: Kva er ein god møteplass
Digital informasjon og innspel	Mai – november 2024	<ul style="list-style-type: none">- Innspel om framtidige nærmiljøanlegg og ordinære anlegg- Aktivitet i lag og organisasjonar i kommunen per dags dato- Anlegg ferdigstilt i forrigeplanperiode- Møteplassar, eksisterande og behov- Anna som er relevant for planen
Barnetråkk for vaksne / spørjeundersøking	Vår 2024	Kor er du i aktivitet? Korleis brukar du ditt nærmiljø? For vaksne

Framdriftsplan

Tabell 2 Framdriftsplan.

Dato	Kva	Ansvarleg
11.03.2024	Til informasjon i utval og medverkerråda	Ungdomsråd, eldreråd og råd for menneske med nedsatt funksjonsevne. HOM, HOP, HPUK.
14.03.2024	Vedtak: oppstart av planarbeid Planprogram ut på høyring	FSK
30.04.2024	Høyringsfrist planprogram	
13.06.2024	Endeleg planprogram til godkjenning	KOM
Mai-okt. 2024	Arbeid med planen	Einingsleiar KUMA
Mai-okt. 2024	Gjennomføring av innspelsmøte og andre tiltak for medverkning, stikkord «kva er gode møteplassar»	
12.09.2024	Vedtak: Kommunedelplan for oppvekst og kultur 2024 - 2027 vert lagt ut på høyring. Høyringsfrist 01.11.2024.	KOM
Nov. 2024	Gjennomgang av innspel – klargjere plandokumentet	Einingsleiar KUMA
14.10.2024	Førebels utkast til høyringsuttale, høyringsfrist ikkje gått ut	HOP og HPUK
15.10.2024	Førebels utkast til høyringsuttale, høyringsfrist ikkje gått ut	FSK
12.12.2024	Vedtak: Kommunedelplan for oppvekst og kultur 2024 - 2027	KOM

Forslag til disposisjon for kommunedelplanen

1. Forord
2. Innleiing
 - 2.1 Slik er vi organisert
 - 2.2 prosess, oppfølging, og evaluering
 - 2.3 Tilknytning til andre planar
 - 2.4 Tilknytning til regional plan for fysisk aktivitet og friluftsliv
3. Rammeverk
4. Tenesteskildring
 - 4.1 Oppvekst
 - 4.2 Kultur og mangfald
 - 4.3 Helse og samfunn
5. Målgruppe
 - 5.1 oppvekstprofil
 - 5.2 folkehelseprofil
 - 5.3 Aktivitetsmønster
6. Mål og strategiar
 - 6.1 Mål
 - 6.2 Strategiar
7. Handlingsdel
 - 7.1 Tiltak og oppdrag
 - 7.2 Implementering
 - 7.3 Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv
 - 7.3.1 Langsiktig handlingsprogram F.I.F
 - 7.3.2 Prioritert handlingsprogram F.I.F
 - 7.3.3 Handlingsprogram Friluftslivets ferdselsårer
 - 7.3.4 Handlingsprogram Kulturbygg
8. Førebygging og tverrfagleg samhandling
 - 8.1 Førebygging
 - 8.2 Tverrfagleg samhandling
9. Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv
 - 9.1 Aktivitetar i Gulen
 - 9.1.1 Omtale av alle anlegg
 - 9.1.2 Organisert idrett og friluftsliv
 - 9.1.3 Resultatvurdering førre plan
 - 9.1.4 Vurdering av aktivitet og framtidige behov
10. Møtearena og team